



NVS RAPPORT 25/2019

*GPS-merkeprosjektet i
Setesdal-Ryfylkeheiane*

ØKONOMIRAPPORT 2017 OG 2018

Lena Romtveit



Romtveit, L. 2019. GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeheiane: Økonomirapport 2017 og 2018. NVS RAPPORT 25/2019 13s.

Framsidedfoto: © Olav Strand

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no

Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no

Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 19.12.19

ISSN: 1891-5329

Føreord

GPS-merkeprosjektet på villreinen i Setesdal Ryfylkeheiane gjekk i perioden frå 2013 til 2017 og er ei oppfølging av det fyrste GPS-merkeprosjektet på villrein som gjekk i dette området i perioden 2006-2010. Denne rapporten er nummer fire i rekka og oppsummerar økonomien for prosjektet i avslutningsfasen.

Då Norsk Villreinsenter Sør (NVS) er sekretariat er denne økonomimeldinga skriven som ein rapport i NVS sin rapportserie. Sekretariatet vil på vegne av prosjektleiinga takke alle deltakarar for deltakinga og samarbeidet i prosjektet.

Skinnarbu 19.12.19

Lena Romtveit

Innhold

| | |
|---------------------------------------|----|
| FØREORD | 3 |
| INNHALD..... | 4 |
| SAMANDRAG..... | 5 |
| INNLEIING | 6 |
| PROSJEKTAKTIVITET I 2017 OG 2018..... | 7 |
| Administrasjon og møteverksemd | 7 |
| Fagleg aktivitet..... | 7 |
| ØKONOMI..... | 7 |
| Oversyn inntekter 2017 og 2018 | 8 |
| Oversyn utgifter 2017 og 2018..... | 9 |
| Oppsummering..... | 10 |
| SLUTTRAPPORTERING..... | 11 |
| REFERANSAR | 12 |
| VEDLEGG..... | 12 |

Samandrag

Åra 2017 og 2018, har vore avsluttinga i GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal-Ryfylkeheiane (2013-2017). I 2017 er det halde to styringsgruppemøte samt nokre mindre møte i dei ulike arbeidsgruppene. I 2018 blei det ikkje halde nokon møter i prosjektet.

Arbeidsgruppene har jobba med å konkretisere og prioritere ulike avbøtande tiltak i sine område og tema, som innspel til forskarane på Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) som skal modellere dette i det overbyggande forskingsprosjektet «Renewable Reindeer». GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane deltek i som lokalt pilotområde for brukarmedverknad. Dette arbeidet og prioriteringa er oppsummert i eit eige dokument som vedlegg til denne årsmeldinga (vedlegg 1).

Det er ikkje radiomerka dyr i Setesdal Vesthei i 2017 eller 2018 då prosjektet har vore under avslutting.

Prosjektet fekk inn ca. kr 946 .000 i 2017 og kr. 80.000,- i 2018, i tillegg til at det hadde med seg ca. kr 112.000,- frå 2016. Prosjektet gjekk dermed inn i det avsluttande arbeidet i 2019 med eit underskot på vel kr 51.000,-. Prosjektet vil bli avrunda med eit sluttseminar i Kristiansand den 22. januar 2020, i samarbeid med Verdiskapingsprosjektet i SVR, der sluttrapporten frå villreinprosjektet blir presentert. Analysane i RenRein-prosjektet vil vera ferdige og klare for publisering fyrst i 2020.

NINA og Olav Strand har styrt prosjektet. Leiar i styringsgruppa har vore Kåre Paulsen frå Statkraft og Lena Romtveit ved NVS Sør, har vore sekretariat. Fylkesmannen i Vest-Agder, ved Tor Punsvik, har bidrege med koordinering, kontaktnett og faglege råd.

Innleiing

Hausten 2012 utarbeidde eit breitt samansett interimsstyre forslag til eit nytt villreinmerkeprosjekt i Setesdal Ryfylkeheiane. Prosjektet skulle fylgje opp tidlegare prosjekt som gjekk i baa Setesdalsområda i perioden 2006 – 2010 (Strand m fl. 2011). I mars 2013 blei prosjektet starta opp og fekk konstituert styringsgruppe, med Kåre Paulsen (Statkraft) som styreleiar. Deltakande partar og styringsgruppa med vara er lista opp i tabell 1. NVS Sør har sekretariatsoppgåva for dette prosjektet, til liks som for GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella.

Tabell 1: Oversyn over bidragsytarar og medlemmer i styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Ryfylke prosjektet i perioden 2013-2017 (justert frå 2015).

| Styringsgruppemedlemmer (bidragsytarar) med vara | Andre bidragsytarar |
|---|------------------------------|
| Statkraft, Region Vest-Norge v/Kåre Paulsen | Valle kommune |
| Sira Kvina Kraftselskap v/Per Øyvind Grimsby | Kvinesdal kommune |
| Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum | Hægebostad kommune |
| Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad | Åseral kommune |
| Kommunane Sørrområdet v/Oddmund Ljosland | Gjesdal kommune |
| Sirdal kommune v/Tor Jørgen Tjørhom | Fylkesmannen i Rogaland |
| Suldal kommune v/Gerd Helen Bø | Fylkesmannen i Telemark |
| Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen | Fylkeskommunen i Telemark |
| Vest-Agder FK v/Bjørg Hellem | Statnett |
| Aust-Agder FK v/Hans Fløystad | Lyse Produksjon |
| FM Vest-Agder v/Tor Punsvik | Agder Energi |
| FM Aust-Agder v/Per Ketil Omholt | Hydro Produksjon |
| Statens Vegvesen Sør v/Arne Heggland | Otteraaens Brugseierforening |
| Statens Vegvesen Sør v/Lene Jacobsen | |
| Villreinnemnda v/leiar Margit Smeland | |
| Villreinnemnda v/nestleiar Ola Sukka | |
| Stavanger Turistforening v/Kjelle Helle Olsen | |
| DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg | |
| Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Kristian Steine | |
| Rettighetshavarane (SR Villreinlag) v/Knut Nomeland | |
| Rettighetshavarane (Statskog) v/Kristian Eiken Olsen | |
| Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Jørn Haug | |
| Verneområdestyret SVR (forvaltar) v/Alf Odden | |
| SNO v/Peter Hermansen | |
| SNO v/Reidar Sandal | |

| | |
|--|--|
| NINA v/Olav Strand (fagleg leiar) Miljødirektoratet v/Vemund Jaren (observatør) NVS v/Marianne Singsaas/Anders Mossing (observatør) | |
|--|--|

Prosjektaktivitet i 2017 og 2018

Administrasjon og møteverksemd

I 2017 blei det halde to styringsgruppemøte; den 7. februar og den 5. desember. Båe i Kristiansand på Fylkeshuset.

På møtet 7.februar var innleiande tema økonomi og vegen fram mot sluttrapportering. Det var også ein gjennomgang av forholdet til Renrein-prosjektet og Anders Mossing ved NVS presenterte nokon idear til framtidig formidling av resultat frå prosjektet. Etter møtet på Bjåen er det utarbeidd eit eige notat (sjå vedlegg 1: «Arbeidsgrupper; sammendrag etter 3 samlinger»), der kvar arbeidsgruppe gjev sine anbefalingar til kva prioritet ulike føreslegne tiltak skal ha ved modellering av potensielle effektar. Denne modelleringa er noko NINA gjer i det overbyggande Renewable Reindeer – prosjektet der Setesdal-Vesthei er pilotområde. Det var noko drøftingar om statusen i arbeidsgruppene og kva som stod att og var planlagt av datainnsamling for det siste driftsåret i prosjektet (2017). Det siste styringsgruppemøtet i 2017 blei halde 5. desember. Der var det ny statusoppdatering vedr. Sluttrapporteringa og forholdet til renrein-prosjektet. Vidare presenterte kvar av arbeidsgruppene kva som var gjort gjennom 2017 og justeringar for anbefalingar. I 2018 er det ikkje halde nokon møte i prosjektet då fokuset har vore på analysar og skrivinga av sluttrapport.

Fagleg aktivitet

Status for fagleg aktivitet er oppsummert i NVS Rapport 19/2017 – Årsmelding 2016. Sjå også vedlegg 1, 2 og 3 som er referat frå styringsgruppemøta i 2017, samt styringsgruppemøte i 2019.

Økonomi

I 2017 kom der inn totalt kr. 946.754,-, derav 111.754,- var midlar som var overført frå 2016. Utgiftene i 2017 var på 755.252,64 derav kr. 500.000,- betaling til Renrein-prosjektet. Prosjektet hadde med seg kr. 191.501,36,- over i 2018.

I 2018 blei det søkt om totalt kr. 200.000,-, frå totalt 3 ulike bidragsytarar (Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune) til arbeidet med sluttrapportering. Av

NVS RAPPORT 25/2019

dette kom det inn til saman kr. 80.000,-. Ved inngangen til 2019 hadde prosjektet eit underskot på kr. - 51.589,28 ved arbeidet med slutføring. Sluttseminar vil difor bli gjennomført med bidrag frå verdiskapingsprosjektet i SVR i 2020.

Oversyn inntekter 2017 og 2018

Kr 835.000,- kom inn frå totalt 20 bidragsytarar i 2017, i tillegg hadde prosjektet med seg restmidlar på kr 111.754,- frå 2016, slik at samla inntekt i 2017 var kr. 946.754,- (tabell 2).

Tabell 2: Inntekter og oversyn over bidragsytarane i 2017.

| | |
|---|----------------|
| Bygland kommune | 25 000 |
| Statkraft Energi | 48 000 |
| Sira-Kvina kraftselskap | 48 000 |
| Statens vegvesen | 50 000 |
| Vest-Agder fylkeskommune | 50 000 |
| FM i Rogaland | 55 000 |
| FM i Agder | 100 000 |
| Aust-Agder fylkeskommune | 100 000 |
| Otteraaens Brugseierforening | 48 000 |
| Lyse Produksjon | 16 000 |
| Åseral kommune | 25 000 |
| Sirdal kommune | 50 000 |
| Statnett | 48 000 |
| Bykle kommune | 50 000 |
| Suldal kommune | 50 000 |
| Telemark fylkeskommune | 15 000 |
| Agder Energi | 16 000 |
| Norsk Hydro | 16 000 |
| Kvinesdal kommune | 25 000 |
| Miljødirektoratet | 325 000 |
| Overført frå 2016 | 111 754 |
| Valle kommune (løyvd i 2017, utbetalt i 2018) | 0 |
| Sum inntekt 2017 | 946 754 |

Då prosjektet hadde sitt siste ordinære år i 2017, blei det ikkje sendt ut søknad om midlar i 2018 tilsvarande tidlegare år. Ein valde likevel å søke om litt ekstra til bidrag i sluttrapporteringa og totalt 3 ulike bidragsytarar blei søkt om til saman kr. 200.000,-. Av desse blei det løyvd frå alle tre, til saman kr. 80.000,- (tabell 3). I tillegg var det ei løyving frå 2017 som ikkje kom på konto før i 2018 (tabell 3).

NVS RAPPORT 25/2019

Prosjektet hadde også med seg kr 191.501,36 frå 2017 til 2018 etter at betalinga til Renrein var gjennomført (tabell 3). Samla inntekter for prosjektet i 2017 og 2018 var kr 1.271.255,36.

Tabell 3: Inntekter og oversyn over bidragsytarane i 2018.

| | |
|-----------------------------|-------------------|
| Valle kommune (2017-midler) | 50 000,00 |
| FM i Agder | 40 000,00 |
| FM Rogaland | 15 000,00 |
| Rogaland fylkeskommune | 25 000,00 |
| Overført frå 2017 | 191 501,36 |
| Sum inntekt 2018 | 324 501,36 |

Oversyn utgifter 2017 og 2018

Utgiftene i 2017 og 2018 var på totalt kr 1.322.844,64 (tabell 4 og 5). Største delen av utgiftene i 2017 og 2018 knytter seg til prosjektets deltaking og bidrag inn i det overbyggande prosjektet om villrein og kraftutbyggingar (Renewable Reindeer) samt arbeidet med sluttrapportering.

Tabell 4: Utgiftene i prosjektet 2017. Dei største utgiftene er i hovudsak knytt til deltaking og bidrag inn i overbyggande prosjekt. Sekretærenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

| | |
|--|-------------------|
| Prosjektkostnader | |
| Direkte prosjektkostnader: | |
| Eksterne tenester | 49 050,00 |
| Reise- og møtekostnader | 13 425,00 |
| Sum direkte prosjektkostnader: | 62 475,00 |
| Deltaking i andre, overbyggande prosjekt: | |
| Bidrag 2017 til RenewableReindeer | 500 000,00 |
| Bidrag 2017 til prosjekt ferdsel Store Urevatn (Gundersen) | 97 924,64 |
| Sum prosjektbidrag: | 597 924,64 |
| Timekostnader | |
| Roy Andersen , 34,5 timar | 36 053 |
| Jørn Thommassen, 42 timar | 58 800 |
| Sum timekostnader | 94 853 |
| Sum prosjektkostnader i 2017 | 755 252,64 |

Tabell 5: Utgiftene i prosjektet 2018. Dei største utgiftene er i hovudsak knytt til deltaking og bidrag inn i overbyggande prosjekt. Sekretærenesta frå NVS er vederlagsfri og kostar ikkje noko for prosjektet.

| | |
|--|-------------------|
| Prosjektkostnader | |
| Direkte prosjektkostnader: | |
| Anskaffelser og utstyr | 30 000,00 |
| Eksterne tenester | 89 941,00 |
| Reise- og møtekostnader | 21 516,00 |
| Sum direkte prosjektkostnader: | 141 457,00 |
| Deltaking i andre, overbyggande prosjekt: | |
| Bidrag 2018 til prosjekt ferdsel Store Urevatn (Gundersen) | 50 400 |
| Sum prosjektbidrag: | 50 400 |
| Timekostnader | |
| Roy Andersen, 5,0 timar | |
| Olav Strand, 192,5 timar | |
| Jørn Thomassen, 74,0 timar | |
| Sum timekostnader | 375 735 |
| Sum prosjektkostnader i 2018 | 567 592 |

Oppsummering

Det var ingen resterande midlar i prosjektet frå 2017 og 2018, som kunne overførast til sluttrapporteringa i 2019, men eit underskot på minus kr. 51.589,28. (tabell 6).

Tabell 6: Underskotet overført frå 2018 til 2019 gjorde at slutføring i hovudsak er dekt over NINAs egne rammer.

| | |
|---|-------------------|
| Overført frå 2017 og 2018 (per 31.21.18) | -51.589,28 |
| Totalt disponibelt i 2019 | -51.589,28 |

Underskotet (tabell 6) til rapportering i 2019 er dekt inn internt i NINA, gjennom overføring av timar, eigenforskning osv. Dette var ingen heldig situasjon men eit resultat av at ein ikkje fekk inn så mykje midlar mot slutten av prosjektperioden som det som var ynskt eller omsøkt.

Sluttrapportering

Koplinga til EnergiX-prosjektet «Renewable Reindeer» gjev eit sterkt fokus på vasskraftutbygginganes effektar på villrein og vurdering av effektar av moglege avbøtande tiltak. Den sterke deltakinga frå regulantanens side, samt bruk av lokalkunnskap frå dei ulike bidragsytarane og arbeidsgruppene inn i dette arbeidet har gjeve mange interessante perspektiv og godt eigarskap til prosjektet. Resultata frå det overbyggande Renewable Reindeer-prosjektet er ikkje endeleg klare før GPS-prosjektet er avslutta. Avslutninga av Renewable Reindeer-prosjektet forventast å skje i 2020.

Sluttrapporten frå det lokale villreinprosjektet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane blei presentert som utkast for styringsgruppa under eit møte i Kristiansand 14. februar 2019. Ferdig sluttrapport vil bli presentert ved eige sluttseminar den 22. januar 2020, som blir arrangert i samarbeid med Verdiskapingsprosjektet i SVR.

Skinnarbu 19.12.19, Lena Romtveit.

Referansar

- B: Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.

Vedlegg

- Vedlegg 1: Referat styringsgruppemøte 07.02.17
- Vedlegg 2: Referat styringsgruppemøte 05.12.17
- Vedlegg 3: Referat styringsgruppemøte 14.02.19

ISSN: 1891-5329

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerking | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerking | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA